

STATSBUDSJETTET 2013

TILDELINGSBREV TIL VETERINÆRINSTITUTTET

1.	Budsjettvedtak og utbetalingsplan.....	2	
2.	Fullmakter og delegasjon.....	3	
2.1.	Budsjettfullmakter	3	
2.2.	Administrative fullmakter.....	3	
3.	Mål og faglege prioriteringar.....	3	
3.1.	Overordnede mål for landbruks- og matsektoren.....	5	
3.2.	Mål og resultat for Veterinærinstituttet	5	
3.3.	Samarbeidsformer.....	8	
4.	Omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning	8	
4.1.	Leieransvaret og administrative mål og tiltak	8	
4.2.	Avleggelse av reknskap	9	
4.3.	Forenkling, effektiv ressursbruk og auka brukervennligheit	9	
4.4.	Betre system for samfunnstryggleik og beredskap	9	
4.5.	Betre kommunikasjon med brukarane og meir openheit.....	10	
4.6.	Betre og meir målretta styring.....	10	
4.7.	Oppdatert kompetanse og riktig ressursbruk	10	
4.8.	Kjønnsmessig balanse og at mangfaldet i samfunnet gjenspeiles blant dei ansatte	10	
4.9.	Regjeringa si fellesføring: Vurdering av tryggleikstilstanden i forvaltningen..	11	
5.	Forskinga skal bidra til at de overordnede landbruks- og matpolitiske måla blir nådd		11
6.	Rapportering.....	12	
6.1.	Resultatrapportering.....	12	
6.2.	Årsrapport.....	12	
6.3.	Reknskapsrapportar.....	15	
7.	Styringskalender	16	
8.	Vedlegg.....	18	

1. **Budsjettvedtak og utbetalingsplan**

Område	i 1000kr
Kap 1112 post 50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap ved Veterinærinstituttet	85 022
Sum	85 022

Veterinærinstituttet må føre vidare arbeidet med å effektivisere verksemda og gjere prioriteringar innan ansvarsområdet i tråd med det budsjettet Stortinget har fastlagt for 2013 og i samsvar med departementet sine styringssignal.

Beløpet som tildeles blir overført til verksemda etter følgjande utbetalingsplan:

- ♦ primo januar med kr 21 002 000
- ♦ primo april med kr 21 340 000
- ♦ primo juni med kr 21 340 000
- ♦ primo oktober med kr 21 340 000

Utbetalingsplanen kan justerast dersom det er naudsynt av omsyn til verksemdas likviditet eller at beløpet som setjast av til oppgåvene endrast. Vi tek atterhald om eventuelle endringar i tildelinga som følgje av endringar i budsjettet for 2013.

Veterinærinstituttet får løyvingar til sine oppgåver innan dyrehelse, fortryggleik, dyrevelferd og mattryggleik frå Landbruks- og matdepartementet (LMD). Løyvingane til oppgåvene innan fiskehelse og enkelte område innan sjømattryggleik kjem frå Fiskeri- og kystdepartementet.

Veterinærinstituttet yter òg tenester og formidlar kunnskap til næring, fagpersonell og dyreeigarar og arbeider for at ny kunnskap blir teken i bruk.

Forsking er ein sentral del av Veterinærinstituttet si verksemd. Basisløyving til forsking vil bli overført frå Noregs forskingsråd. I tildelingsbrevet til Noregs forskingsråd legg departementet til grunn at overføringa finn stad etter nærare avklaring med det enkelte institutt slik at det ikkje skapast likviditetsproblem. Kopi av tildelingsbrevet til Forskingsrådet vil bli sendt instituttet.

Vi legg til grunn at verksemda i tillegg til dei direkte lønnsutgiftene, også dekkjer indirekte lønnsutgifter som arbeidsgivaravgift og innskot til Statens pensjonskasse. Arbeidsgivaravgift og innskot til Statens pensjonskasse betalast direkte, på same måte som i 2012.

I budsjettet for 2013 er det over kap 1137 post 53 satt av midlar til mellom anna å dekkje delar av kostnadene til Veterinærinstituttet i samband med flyttinga til Ås. Departementet vil komme tilbake til saka.

2. Fullmakter og delegasjon

2.1. Budsjettfullmakter

2.1.1. Vedtak om nettobudsjettering

Stortinget gir ved særskilt vedtak samtykke til unntak frå bruttoprinsippet, jf Bevilgningsreglementet § 3, fjerde ledd. Unntaket er bekrefta for 2013 ved at det er gitt nettoløyving under utgiftspost 50, jf Prop. 1 S (2012-2013) og B. innst. 8 S (2012-2013). Stortingsvedtaket inneber at i tillegg til løyvinga over 50-posten, kan Veterinærinstituttet disponere eksterne inntekter fullt ut til verksemda sitt formål. Verksemda disponerer eventuelt positivt årsresultat og har ansvaret for å dekkje eventuelt negativt årsresultat, jf rundskriv R-106 frå Finansdepartementet.

2.1.2. Overgang til reknskapsføring etter SRS

Overgangen til reknskapsføring etter dei statlege reknskapsstandardane endrar ikkje tidlegare gitte fullmakter, men klargjer blant anna tydelegare at overskot frå bevilgningsfinansiert verksemd ikkje skal nyttast til å byggje opp verksemda sin kapital. I samband med godkjenning av den nye opningsbalansen er midlar blitt overført frå "verksemda sin kapital" til "avrekning løyvingsfinansiert verksemd", jf spesifisering i note 15. Det er styret sitt ansvar å fordele desse midlane til strategiske avsetningar, investeringar i anleggsmidlar og/eller auka aktivitet på prioriterte område. Det skal gjerast greie for disponeringane i styringsmøtet til våren.

2.2. Administrative fullmakter

2.2.1. Inngå leieavtaler og avtaler om kjøp av tenester utover budsjettåret

Delegasjon av fullmakt til å inngå leieavtaler og avtaler om kjøp av tenester er tatt inn i oppdatert instruks for økonomi- og verksemdstyring datert 27.3.2012.

3. Mål og faglege prioriteringar

LMD presenterte ein ny målstruktur i Meld. St. 9 (2011-2012) Landbruks og – matpolitikken med overordna mål og resultatområde. Denne målstrukturen blei ytterligare presisert gjennom utforming av ei rekkje delmål i Prop 1 S (2012-2013). Mål – og resultatstyring er eit grunnleggjande styringsprinsipp i staten (Reglement for økonomistyring i staten). Dette

styringsprinsippet gir grunnlag for å utforme mål samt vurdere sammenhengen mellom mål og faktiske resultat på landbruks- og matfeltet.

3.1. Overordna mål for landbruks- og matsektoren

LMD har fire overordna mål: matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. I tillegg har departementet eit overordna mål på forvaltning: omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning, og eit på forskning: forskinga skal bidra til at dei overordna landbruks- og matpolitiske måla blir nådd. Forvaltningsmålet og forskingsmålet er av vesentlig verdi for å nå dei fire øvrige overordna måla.

3.2. Mål og resultat for Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet må sjå til at verksemda si plan for 2013 og øvrig planarbeid blir tilpassa signala som gis i Prop. 1 S (2012-2013) og Stortinget si handsaming av denne, og som er nærare utdypa i dette tildelingsbrevet og i tildelingsbrev frå Noregs forskingsråd.

Veterinærinstituttet er eit biomedisinsk beredskaps- og forskingsinstitutt med dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd, mattryggleik og fôrtryggleik som kjerneområde. Veterinærinstituttet har ei fri og uavhengig stilling i alle faglege spørsmål.

Veterinærinstituttet er styresmaktene sin viktigaste kunnskapsleverandør ved førebyggjing, rådgiving, oppklaring og handtering av zoonosar og alvorlege smittsame sjukdomar hos fisk og landdyr. Veterinærinstituttet bidreg òg i førebyggjing og handtering av kriser som skuldast smittestoff og andre helseskadelege stoff i fôr og mat.

Veterinærinstituttet skal:

- ◆ Prioritere rådgiving, diagnostikk, epidemiologiske analysar, overvaking og referansefunksjonar, av desse:
 - ha særleg merksemd mot sjukdomar, smittestoff og toksiske stoff som kan påverke menneskjers helse
 - gi vitskapeleg baserte råd om førebyggjing og nedkjemping av alvorlege smittsame sjukdomar og tapsbringande tilstander hos dyr
 - ha tilfredsstillende beredskap og sikre rask varsling om mattryggleiketsfarar og tapsbringande sjukdomar hos dyr, blant desse også nyoppdaga sjukdomstilstandar
- ◆ Vidareføre forskning innan instituttet sine kjerneområde

Veterinærinstituttet skal prioritere å utvikle uavhengige, vitskapeleg funderte, faglege råd som set styresmaktene i stand til å utvikle lovverket, handtere og førebyggje sjukdom hos dyr og fisk og helseskadelege stoff og smittestoff i mat og fôr.

Mattilsynet er den viktigaste brukaren av kompetansen til instituttet. Veterinærinstituttet skal derfor leggje stor vekt på å møte dei behova Mattilsynet har for kunnskap, råd og laboratoriestøtte innan kjerneområda til instituttet.

Vitskapskomiteen for mattryggleik har òg behov for kompetanse og resultat som grunnlag for sine risikovurderingar. Veterinærinstituttet skal være ein sentral kunnskapsbase og oppdragstakar for komiteen.

Beredskap, diagnostikk og rådgiving

Kvalitetssikra diagnostikk er grunnleggjande for dei oppgåvene som Veterinærinstituttet har innan beredskap, overvaking og oppklaring av sjukdomstilfelle, kunnskapsutvikling og som nasjonal referanseinstitusjon. Veterinærinstituttet skal arbeide med haldningar og kultur når det gjeld risikoerkjening, gjennomføringsevne, samhandling, IKT-utnytting og resultatorientert leiarskap.

Veterinærinstituttet skal gjennom aktivt samspel med Mattilsynet medverke til god beredskap innan dyrehelse, dyrevelferd, fôr- og mattryggleik. Veterinærinstituttet skal vere ein sentral leverandør av kunnskap innan kjerneområda dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd, mattryggleik og fôrhygiene. Kunnskapen er viktig for førebyggjing, diagnostikk og kontroll av sjukdommar. Kunnskapsutvikling og formidling innan fagområda er viktig for styresmaktene som grunnlag for utvikling av lovverk og handtering av sjukdomsutbrot og som støtte til utvikling av ulike samfunnssektorar.

Fokuset på beredskap, helseovervaking, dyrevelferd og forskning skal vidareførast på bakgrunn av utviklinga i oppgåvemengd og etterspørsel etter tenestene til instituttet dei siste åra.

Veterinærinstituttet skal vidareutvikle den landsdekkande beredskapsevna gjennom å auke harmonisering av diagnostikken og samhandling i kriser der dei regionale laboratoria blir godt inkluderte. Tilgang til og trening i bruk av moderne verktøy for å vurdere spreiding av smittsame sjukdommar er viktig i denne samanheng. Instituttet skal prioritere utvikling og implementering av nye laboratoriemetodar for trugande og eksisterande alvorlege sjukdommar, slik at Mattilsynet kan få raske og sikre resultat ved utbrot.

Overvaking av dyrehelsa

Globalisering, klimatiske endringar og endra produksjonstilhøve kan gi auka eller endra sjukdomsbilete. Veterinærinstituttet skal vere budd på at nye sjukdommar kan bli introdusert i Noreg. Instituttet skal halde fokus på å overvake helsa til husdyra slik at nye sjukdommar kan bli oppdaga så raskt og sikkert som mogleg. I tillegg vil viltlevande dyr vere eit reservoar for nye sjukdommar og zoonotiske smittestoff. Overvaking av viltlevande dyr

med tanke på sjukdommar som kan smitte til andre viltlevande dyr, husdyr eller menneskje, skal derfor halde fram.

Fôr- og mattryggleik

Veterinærinstituttet skal halde fram arbeidet med å vidareutvikle diagnostikk og kunnskap omkring smittestoff og kjemiske stoff som kan truge fôr- og mattryggleiken.

Veterinærinstituttet skal vidareutvikle kunnskap omkring hygieniske forhold i biprodukt frå matproduksjon, slik at slike ressursar kan nyttast meir.

Dyrevelferd

Veterinærinstituttet skal leggje vekt på å utvikle kunnskap som kan nyttast til å fremje dyrevelferd. Instituttet skal prioritere å gi styresmaktene kunnskap innan velferd og vidareføre arbeidet med å utvikle velferdsindikatorar for husdyr. Det er òg viktig med støtte til tilsynsarbeidet til Mattilsynet gjennom å utvikle gode teknikkar for å sikre dokumentasjon av brot på regelverket. Veterinærinstituttet skal halde fram med å drifte sekretariata for Rådet for dyreetikk og NORECOPA. I tråd med næringskomiteens merknad til statsbudsjetten og Stortinget sitt vedtak skal sekretariatsfunksjonen til NORECOPA styrkast med til saman 500 000 kroner, fordelt med 200 000 kroner innanfor Fiskeri- og kystdepartementets og 300 000 kroner innanfor LMD si tildeling til Veterinærinstituttet.

Referansefunksjonar

Veterinærinstituttet skal arbeide vidare med å utvikle si rolle med dei nasjonale referansefunksjonane. Innan zoonosearbeidet dekkjer desse funksjonane matvarer, fôr og dyr, og instituttet skal arbeide for å samle og presentere epidemiologiske data gjennom heile verdikjeda. Det er viktig at arbeidet med kvalitetssikring av laboratorieverksemda held fram, slik at diagnostikken er sikker og kan etterprøvast. Funksjonane omfattar òg forskning innan fagområda.

Tenester til næringslivet

Veterinærinstituttet skal yte tenester og kunnskap som medverkar til ei bærekraftig næringsverksemd, gjennom faglege råd og utgreingar og eit godt diagnostisk tilbod.

Administrative og organisatoriske tilhøve

Det skal leggst vekt på å utvikle organisasjonen vidare gjennom å effektivisere arbeidsprosessar og betre utnytting og utvikling av den totale kompetansen. Det skal vidare leggst vekt på å vidareutvikle samarbeidet med miljøa på Campus Ås og å planlegge nybygget for Veterinærinstituttet på Ås.

3.3. Samarbeidsformer

Ansvarsfordeling og krav til samarbeid med andre verksemdar og sektorar går fram av instruks kap. 2.2.5.

4. Omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning

LMD legg vekt på ei omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning, jf Prop. 1 S (2012-2013) og Meld. St. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken. Ei slik forvaltning er ein føresetnad for å realisere dei fire overordna måla i landbruks- og matpolitikken; matsikkerhet, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Når det gjeld administrative krav og forventningar, så må instruks for økonomi- og verksemdstyring sjåast i samanheng med dette tildelingsbrevet.

4.1. Leiaransvaret og administrative mål og tiltak

Verksemda sitt styre er ansvarleg for at dei mål og resultatkrav som er satt for 2013 blir nådd og at drifta er basert på god økonomistyring. Det vises elles til styrets oppgåver slik dei går fram av vedtektene § 4.2.

4.1.1. Personalfullmakter

Personalfullmakter for budsjettåret følger som vedlegg til dette tildelingsbrevet og er gyldige til nytt tildelingsbrev ligg føre.

4.2. Avlegging av reknskap

Vi viser til økonomiinstruksen når det gjeld reknskap og reknskapsrapportering, jf også pkt. 6.2 om årsrapport. Reknskapet skal avleggast i tråd med dei statlege reknskapsstandardane (SRS) og opningsbalansen for 2012 som departementet har godkjent. Reknskapsavlegginga etter SRS, herunder notane, skal baserast på DFØ sin rapporteringsmal for årsoppgjær som finnes som rekneark på heimesida under ”Forvaltning/Anbefalte statlige regnskapsstandarder/Standarder”.

4.3. Forenkling, effektiv ressursbruk og auka brukervennligheit

Ein føresetnad for å nå måla i landbruks- og matpolitikken er eit omfattande verkemiddelapparat. Samtidig er det nødvendig at dette verkemiddelapparatet er så effektivt og enkelt som mogleg for næringsdrivande og forvaltninga for øvrig. I dette arbeidet spelar IKT ei sentral rolle. Dei overordna føringane for regjeringa sin IKT-politikk er nedfelt i St. meld. nr. 17 (2006-2007), i St. meld. nr. 19 (2008-2009) og i rundskriv P10/2012 (digitaliseringsrundskrivet) frå Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet (FAD).

Resultatindikatorar:

- Andel av verksemda sine tenester som er digitalisert og i kva for omfang dei digitaliserte tenestene brukast (volum og brukargrupper).
- Effektar av nyare IKT-løysingar (gevinstrealisering) internt i verksemdene og hos brukarar

Begge indikatorane kan rapporterast kvalitativt og Veterinærinstituttet definerer sjølv tenestebegrepet.

4.4. Betre system for samfunnstryggleik og beredskap

For LMD er det vesentleg at Veterinærinstituttet har gode system for samfunnstryggleik og beredskap. Beredskapsplaner skal justerast med jamne mellomrom og dersom alvorlege hendingar oppstår. Dette er ein føresetnad for at eventuelle kriser og hendingar som ikkje er ynskelege, skal handterast på ein god måte.

Resultatindikatorar:

- Korleis gjennomføres arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, herunder risiko- og sårbarheitsanalysar
- Antal gjennomførte øvingar

Iht. nasjonale retningslinjer for informasjonstryggleik skal Veterinærinstituttet ha gjennomført verdivurderingar for å klassifisere informasjon og IKT-system som er kritiske for verksemda eller har verdi

for rikets sikkerheit eller personvernet. Det skal gjennomførast planlagde og systematiske tiltak for å sikre integritet, konfidensialitet og tilgjenge til informasjon. Tiltak skal baserast på risiko- og sårbarheitsvurderingar samt være i tråd med krav i relevant regelverk.

4.5. Betre kommunikasjon med brukarane og meir openheit

LMD vektlegg offensiv og målretta kommunikasjonsverksemd i tråd med den statlege kommunikasjonspolitikken. Åpenhet og innsyn er viktige prinsipp, samt offentlege verksemdar si plikt til å vurdere meiroffentlegheit. Veterinærinstituttet skal ha ei hensiktsmessig kunnskapsoverføring til brukarar og allmenta. Nettsider skal leggje til rette for effektiv og målretta kommunikasjon i beredskapssituasjonar og ved formidling av oppdatert kunnskap.

4.6. Betre og meir målretta styring

LMD legg vekt på høg grad av måloppnåing i landbruks- og matpolitikken. Ein føresetnad for dette er ein god og målretta styringsdialog samt at Veterinærinstituttet har ei aktiv verksemdstyring gjennom internkontroll og risikostyring.

Resultatindikatorar:

- Antal merknader i dok I frå Riksrevisjonen
- Dokumentert oppfølging av eventuelle evalueringar

I løpet av mai 2013 mottok verksemda avsluttande revisjonsbrev for 2012 frå Riksrevisjonen. I samband med departementet si handsaming må verksemda gjere greie for eventuelle merknader.

4.7. Oppdatert kompetanse og riktig ressursbruk

En føresetnad for å nå måla i landbruks- og matpolitikken er oppdatert kompetanse og at tilgjengelige ressursar nyttast på ein god og hensiktsmessig måte, jf punkt 6.2 (årsverksrapportering) i dette tildelingsbrevet.

Resultatindikatorar:

- Fylkesvis fordeling av årsverk
- Årsverk fordelt på oppgaveområde
- Rapport om tiltak som er sett i verk for å avdekke kritiske kompetansegap (avvik mellom kartlagde behov og status), samt tiltak for å lukke gap

4.8. Kjønnsmessig balanse og at mangfaldet i samfunnet blir speila blant dei tilsette

LMD legg vekt på kjønnsmessig balanse og at mangfaldet i samfunnet gjenspeiles blant dei tilsette. Dette er viktige verdiar i personalpolitikken. Det vises til rapportering i tråd med aktivitets- og

rapporteringsplikta med utgangspunkt i FAD sin rettleiar og dei føringar LMD gir, jf punkt 5.2 (årsrapport) i dette tildelingsbrevet.

4.9. Regjeringa si fellesføring: Vurdering av tryggleikstilstanden i forvaltninga

Lov om førebyggjande sikkerheitsteneste (tryggingslova) gjeld for alle forvaltningsorgan som har skjermingsverdig informasjon eller objekt. Verksemda skal i samband med årsrapporten sende ein rapport om tryggingstilstanden til departementet. Rapporten skal følgje disposisjonen under:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/tema/samfunnssikkerhet-og-beredskap/sub/mal-sikkerhetstilstand.html?id=710299>.

5. Forskinga skal bidra til at dei overordna landbruks- og matpolitiske måla blir nådd

Arbeidet med instituttgjennomgangen vil fortsette i 2013. Forslaga i rapporten om regional struktur vil bli fulgt opp i nært samarbeid med institutta. Innovasjonshusprosessen på Ås først vidare i 2013, og det leggst til grunn at instituttet bistår etter behov. Arbeidet vil bli sett i samanheng med oppfølging av DAMVAD sin samfunnsøkonomiske analyse av alternativ organisasjonsstruktur.

LMD ønskjer å vidareutvikle systemet for styring og eigarskap av institutta. Opplegg for dette vil bli utvikla i samarbeid med styreleiarane og dei daglege leiarane og gjennomført i første halvår 2013.

I Meld. St. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken og St. meld. nr. 39 (2008-2009)

Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen, legg regjeringa til rette for ein kontinuerleg høg kunnskapsproduksjon for å nå dei overordna måla. I departementet sin nye målstruktur, jf. Prop. 1 S (2012-2013), er det lagt til grunn åtte delmål for forskning:

- a) Auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat innanfor eit endra klima
- b) Auka berekraftig produksjon av skog innanfor eit endra klima
- c) Reduksjonar i utslepp til luft og vatn og eit høgt opptak av CO₂ i skog og jord
- d) Auka innovasjon og konkurransevne
- e) God kunnskapsutvikling for forvaltninga
- f) Høg kvalitet og relevans i forskninga
- g) Høg grad av internasjonalisering av forskninga
- h) Effektiv kommunikasjon og formidling

Veterinærinstituttet skal gjennom forskning bidra til at departementet sine mål blir nådd. Ei hovedsatsing for departementet er å auke den landbaserte matproduksjonen i takt med etterspørselen til ei aukande befolkning i Noreg. LMD ber om at forskingsinnsatsen knytt til dette blir særskilt

prioritert for 2013. For øvrig viser vi til tildelingsbrevet til Noregs forskingsråd som Veterinærinstituttet får kopi av.

6. Rapportering

6.1. Resultatrapportering

Departementet sine forskningsmidlar kanalisert gjennom Noregs forskingsråd. Vi forutset at instituttet sine resultat rapportert samla slik at Forskingsrådet og LMD får den same heilhetlige rapport frå verksemda. LMD vil fortsette arbeidet med å utforme krava til særskilt rapportering for løyvingane til nasjonale oppgåver og støtte til kunnskapsutvikling.

6.2. Årsrapport

Departementet viser til instruks for økonomi- og verksemdstyring om krav til rapportering. I årsrapporten skal det leggjast vekt på måloppnåing for verksemda iht. dei mål og resultatmål som er satt i Prop. 1 S og i tildelingsbrevet for det aktuelle året, samt øvrige relevante dokument. Vesentlege avvik skal rapportert og forklarast.

Årsrapporten til Veterinærinstituttet skal utarbeidast i samsvar med dei krav som stilles i instruks for økonomi- og verksemdstyring og skal innehalde:

- ◆ reknskapstal i samsvar med godkjent rapportering i statsrekskapet
- ◆ rapportering i tråd med mål- og resultatkrav i tildelingsbrevet / øvrige styringsdokument. Vesentlege avvik skal rapportert og forklarast
- ◆ utgreiing for risikovurderingar og risikoreduserande tiltak som verksemda har gjennomført
- ◆ rapport om bruk av tilskot og prosjektmidlar i tillegg til ordinære driftsmidlar
- ◆ resultat av eventuelle evalueringar
- ◆ rapportering iht. aktivitets- og rapporteringsplikta med utgangspunkt i FAD sin rettleiar og dei føringar LMD gir
- ◆ rapportering av status på IKT-området, herunder eventuelle spesifikke krav til samordning, sikkerheit, beredskap og e-forvaltning
- ◆ årsverksrapportering
- ◆ eventuelle krav i regjeringa si fellesføring

I årsrapporten for 2013 skal Veterinærinstituttet også gi ein omtale av aktiviteten med spesiell vekt på dei styringssignal som er gitt under punkt 3.1 og 3.2. I tillegg kan det være aktuelt å evaluere / utrede sentrale område nærare. Dette kan være område som bør gis ein meir heilhetlig vurdering, bl.a. fordi den årlege resultatrapporteringa ikkje gir ein tilstrekkeleg dokumentasjon av resultat, effekt og utviklingstrekk. Eksempel på slike område kan være zoonosearbeidet, samt instituttets samarbeid med Mattilsynet, Vitskapskomiteen for mattryggleik og andre kunnskapsinstitusjonar.

Område som har særleg merksemd, for eksempel fordi det er avdekket svakheiter i system og rutinar, eller fordi det nylig har funnet stad omleggingar, vil også kunne være aktuelle for nærare utredning.

For 2013 er det i tillegg fastsett følgjande strategiområde og styringsparametrar som det skal rapporterast særskilt på. Der styringsparameteren angir ”andel”, bør rapporteringa innehalde både ein nemnar og ein teller. Rapporteringa skal vise utviklinga over tid.

Strategiområde	Mål	Styringsparametrar
Beredskap	<p>Veterinærinstituttet skal gjennom aktiv samhandling med Mattilsynet bidra til god beredskap mot alvorlege sjukdommar hos fisk og dyr, og sikre trygg mat</p> <p>Gjennom ein landsdekkande diagnostikk, helseovervaking og rådgiving skal Veterinærinstituttet bidra til å førebygge, oppklare og handtere sjukdommar hos fisk og dyr samt avdekke helseskadelege forbindelsar og smittestoff i mat og fôr.</p> <p><i>Delmål 1: Veterinærinstituttet skal ha god og effektiv diagnostikk.</i></p> <p>Veterinærinstituttet gjer ei vurdering av talet på og utviklinga i talet på metodar.</p>	<p>Antal akkrediterte metodar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Antal nye metodar - Antal av-akkrediterte <p>Antal ikkje akkrediterte validerte metodar</p> <p><u>Landdyr</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Antal A-sjukdommar som kan diagnostiserast - Antal B-sjukdommar som kan diagnostiserast <p><u>Akva</u></p> <p>Talet på listeførte sjukdommar som kan diagnostiserast</p> <ul style="list-style-type: none"> - Liste 1 - Liste 2 - Liste 3 <p>Talet på prøver undersøkt i nasjonale utbrot innan mattryggleik</p>

		<p>(sopp, bakteriar, virus)</p> <p>Talet på prøver undersøkt for biotoksiner (spesifiserast)</p> <p>Talet på biotoksiner som kan diagnostiserast</p> <p>Talet på prøver undersøkt for antibiotikaresistens</p> <p>Talet på NRL-funksjonar og kva for nokre</p> <p>Talet på ringtestar og kva for nokre</p> <p>Talet på prøver analysert i ringtestar der VI deltar</p> <p>Talet på eksterne revisjonar gjennomført</p> <p>Talet på meget alvorlege avvik registrert ved ekstern revisjon (NA)</p>
	<p><i>Delmål 2: Veterinærinstituttet skal overvake helsetilstanden hos fisk og dyr samt helseskadelege forbindelsar og smittestoff i mat og fôr.</i></p> <p>Veterinærinstituttet gir ei verbal omtale av gjennomføring av ulike tiltak innanfor overvaking av helsetilstanden, bl a bruken av områdeanalysar og trendanalysar som belyser sjukdomssituasjonen.</p>	<p>Talet på overvåkings- og kontrollprogram for Mattilsynet som Veterinærinstituttet har medverka til i utforming, evaluering og rapportering av</p>
	<p><i>Delmål 3: Veterinærinstituttet skal gi uavhengige og kunnskapsbaserte råd innan sine kjerneområde.</i></p> <p>Gjennomføring av ulike tiltak innanfor internasjonale oppgåver omtales verbalt. Synleggjøre internasjonale samarbeidspartnarar; Nord-Amerika, India, EU, Brasil</p>	<p>Antal medarbeidarar som deltar som ekspertar under møter i EU, EU-relaterte organisasjonar og OIE</p> <p>Evt ressursbruk og bidrag</p> <p>Antal medarbeidarar som utfører oppgåver for internasjonale organisasjonar som ISO, CEN, Codex, NMKL etc.</p> <p>Antal høringar og utredningar som er levert til Mattilsynet</p> <p>Antal medarbeidarar som har bidratt med kompetanse i VKM</p>
Forsking og kunnskapsutvikling	Veterinærinstituttet skal gjennom forsking bidra til at departementet sine mål blir nådd, jf pkt. 5.	Omtale av resultat av forsking på kjerneområda.

<p>Kommunikasjon og samfunnskontakt</p>	<p>Veterinærinstituttet skal drive aktiv kommunikasjon og målretta informasjon</p> <p>Verbale kommentarar og vurderingar til kommunikasjon og målretta informasjon som viser kor synleg VI er eksternt. Tilgjengelighet på fleire språk omtales også.</p>	<p>Talet på:</p> <ul style="list-style-type: none"> - fagbøker, lærebøker, konferanserapportar ("proceedings"), fagtidsskrifter - rapportar i egen rapportserie - rapportar i ekstern rapportserie - rapportar til oppdragsgivarar (konfidensielle) - populærvitenskapelige artiklar og foredrag - leiarar, kommentarar, anmeldingar, kronikker og liknande publisert i tidsskrift, dagspresse - formidlingar på kurs, seminar - faglige nettmeldingar - tal på besøk på heimesidene
<p>Teneste</p>	<p>Veterinærinstituttet skal tilby tenester og kunnskap som bidreg til ei berekraftig næringsverksemd, og som støttar opp om samfunnsoppdraget</p>	<p>Talet på oppdrag frå næringane</p> <p>Talet på prøver (ikkje A og B eller listeførte) for landdyr, fisk, mat eller fôr</p> <p>Kva for OK-program og talet på prøver/analysar for MT</p>
<p>Organisasjonsutvikling</p>	<p>Veterinærinstituttet skal være ein effektiv og profesjonell organisasjon.</p>	<p>Ressursbruk på kvart strategiområde</p> <p>Oppetid på elektroniske tenester</p> <p>Antal gjennomførte internrevisjonar</p> <p>Sjukefråværsprosent</p>

Årsrapporten skal sendast LMD i tre eksemplar. Årsrapporten skal også sendes elektronisk. Verksemdar som har fleire reknskapsførarar skal samanstille eitt samla årsrekskap for verksemda som korresponderer med løyvingane stilt til disposisjon i tildelingsbrevet. I tillegg skal årsrapporten oversendes Riksrevisjonen (riksrevisjonen@riksrevisjonen.no) i elektronisk form innan same dato.

Årsrapporten for 2012 har frist 1.3.2013.

Årsrapporten for 2013 har frist 1.3.2014.

Veterinærinstituttet vurderer behovet for å publisere ei eiga årsmelding.

6.3. Reknskapsrapporter

Nærare fristar og opplegg for innrapporteringa vil komme i brev om årsavslutninga for 2013.

7. Styringskalender

Dato	Tema	Beskriving
Januar-februar	Rapportering til statsregnskapet 2012	Jf. brev frå LMD med rundskriv frå Finansdepartementet
12.2.2013	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder	Jf. rundskriv R-9/2010 frå Finansdepartementet Nøkkeltal som grunnlag for marskonferansen
1.3.2013	Årsrapport 2012	Rapporterast i samsvar med krava i tildelingsbrevet 2012
Mars-april	Første styringsmøte	Dagsorden for styringsmøte Vår: <ul style="list-style-type: none"> ◆ Rapport om verksemda i året som gikk, herunder styregodkjent reknskap og styret si beretning ◆ Gjennomgang av status på planar/strategiar for inneverande år ◆ Styrets kontrollansvar v/styroleiar ◆ Styrets vurderingar av identifiserte risikoområde; status, utviklingstrekk og planlagt oppfølging/tiltak ◆ Styrets vurdering av system og rutinar for intern kontroll ◆ Hovudlinjene i neste års budsjett ◆ Evt. oppfølging av riksrevisjonssaker. ◆ Eventuelt andre saker av styringsmessig karakter departementet og/eller verksemda ønskjer å ta opp. ◆ Andre område som framkommer av tildelingsbrevet
15.5.2013	Oppdaterte standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder	Jf. rundskriv R-9/2010 frå Finansdepartementet. Nøkkeltal som grunnlag for budsjettproposisjonen
Innan 1.10.2013		Eventuelle innspel til nysalderinga 2013
Oktober-desember	Andre styringsmøte	Dagsorden for styringsmøte Høst: <ul style="list-style-type: none"> ◆ Gjennomgang av status på planar/strategiar for inneverande år ◆ Hovudlinjene i neste års statsbudsjett

		<ul style="list-style-type: none"> ◆ Hovudlinjene i verksemda sine mål og strategiar neste år/påfølgjande år ◆ Budsjettførebuingar – budsjettår +2 – herunder ambisjonsnivå og prioriteringar ◆ Eventuelt andre saker av styringsmessig karakter departementet og/eller verksemda ønskjer å ta opp. ◆ Andre områder som framkommer av tildelingsbrevet
Innan 1.12.2013		Innspel til store satsingar 2015
Januar-februar 2014	Rapportering til statsrekskapet 2013	Jf brev frå LMD med rundskriv frå Finansdepartementet
1.3.2014	Årsrapport 2013	Rapporterast i samsvar med krava i tildelingsbrevet 2013, jf pkt 6.

8. Vedlegg

8.1. Personalfullmakter for Landbruks- og matdepartementets underliggende virksomheter

8.1.1. Ansettelse, opprettelse av stillinger og lønnsfastsettelse

Ansettelse, fullmakt til å opprette nye stillinger og fullmakt til å fastsette lønn delegeres til den enkelte virksomhet.

8.1.2. Toppledere

Virksomheter der departementet ansetter topplerer

Departementet foretar ansettelse i topplererstillingene i følgende virksomheter:

- ♦ Mattilsynet
- ♦ Reindriftsforvaltningen
- ♦ Statens landbruksforvaltning

Departementet saksbehandler og avgjør også alle saker knyttet til disse topplerernes arbeidsforhold, for eksempel angående:

- ♦ Alle typer permisjoner (utdanningspermisjon, velferdspermisjon, osv)
- ♦ Alle typer lønnsjusteringer (både midlertidige og permanente)

Virksomheter der styret ansetter topplerer

For forvaltningsorganer med særskilte fullmakter ansetter styret topplerer for virksomheten, jf. virksomhetenes vedtekter. Dette gjelder:

- ♦ Bioforsk
- ♦ Norsk institutt for skog og landskap
- ♦ Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning
- ♦ Veterinærinstituttet

Styret for virksomheten saksbehandler og avgjør også alle saker knyttet til topplererens arbeidsforhold. Fastsettelse av lønn ved ansettelse skal likevel skje innenfor den ramme som departementet har fastsatt.

Senere lønnsjusteringer, både midlertidige og permanente, for topplererne i disse virksomhetene, kan etter hovedtariffavtalen bare skje ved forhandlinger med tjenestemannsorganisasjonene i departementet.

8.1.3. **Fullmakt til å føre lokale lønnsforhandlinger**

Det fremgår av hovedtariffavtalen hvilke virksomheter som har fullmakt til å føre lokale forhandlinger.

8.1.4. **Fullmakter ved erstatning til statsansatte for skade på eller tap av private eiendeler i forbindelser med tjenesten**

Departementet gir virksomhetene fullmakt til å fatte vedtak om erstatning på inntil kr. 20.000 til statsansatte for skade eller tap av private eiendeler i forbindelse med tjenesten (Statens personalhåndbok pkt. 10.22).

Erstatninger utover kr. 20.000,- sendes departementet som forelegger saken for Fornyings- og administrasjonsdepartementet.